



Byggm Steinar Thunold AS
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2753 - 19/20621

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

04.10.2019

Godkjent søknad om endring av plassering av bustad - gbnr 27/262 Moldekleiv

Administrativt vedtak. Saknr: 233/2019

Tiltakshavar: Gripsgård Bygg AS

Søknadstype: Søknad om endring etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1b)

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av plassering av bustad på gbnr 27/262 Moldekleiv.

Bustad skal flyttast ca.10,0 m mot sør-aust mot grense med gbnr 27/48 i samsvar med vedlagt situasjonsplan, motteke 01.10.19.

Det vert elles vist til søknad motteken

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 01.10.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Gbnr. 27/262 er i *Reguleringsplan for Moldekleiv* (arealplanid 125619870001) avsett til bustadføremål.

Tiltaket er i samsvar med planen.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Kommune ser at eigar av gbnr 27/48 og 27/75 er ikkje varsla om endringa. Vedtaket vert sendt til disse naboar til klagevurdering.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 22.08.19, motteke 01.10.19.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 8,2 meter.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 b) vert det gjeve endringsløyve for plassering av bustad på følgjande vilkår:

1. Bustad skal plasserast i samsvar med situasjonsplan datert 22.08.19, motteke 01.10.19.
2. Vilkår i løyve av 18.12.18 må stettast.
3. Før tiltaket skal takast i bruk skal det søkjast om ferdigattest.»

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2753

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Bortfall av løyve

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Endring av plassering av bolig og mur GBNR 27/262
Meland 27_262 grunnmur
Data på innmålt grunnmur ny
Kart

Kopi til:

Gripsgård Bygg AS	Moldekleivmarka 5919 69A	FREKHAUG
Leigland Eiendom AS	Skuteviksbodene 5035	BERGEN

Kopi til:

Meland Utbyggingsselskap AS	22		
Wenche Sudmann Berntsen	Postboks 79	5906	FREKHAUG
	Skuleplassvegen	5437	FINNÅS
	19		

Mottakarar:

Byggm Steinar Thunold AS	Sollsmittet 2	5136	MJØLKERÅEN
--------------------------	---------------	------	------------